

## Mørkredd

Siri var på veg heim frå bestevenninna si.  
Det var mørkt og vått ute.  
Ho ville fort heim.  
Kortaste veg var gjennom kyrkjegarden.  
Inne på kyrkjegarden hørde ho steg bak seg.  
Siri blei redd.  
Ho våga ikkje snu seg.  
Ho gjekk fortare.  
Det hjelpte ikkje.  
Skritta kom nærmare.  
Siri sprang.  
Ho kunne sjå porten ut av kyrkjegarden.  
Då kjende ho ei hand på skuldra.  
Ho snudde seg.  
Noko mørkt bøygde seg mot henne.  
Så hørde ho ei stemme.  
Det var bestevenninna hennar som sa:  
«Siri! Eg skulle berre gi deg posen din.  
Du gløymde han hos meg.»



### Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 9.  
Gjer oppgåvene 3 og 4.